KOMMISJONSFORORDNING (EF) nr. 181/2008 **2013/EØS/59/13**

av 28. februar 2008

om fastsetjing av visse tiltak for gjennomføring av rådsforordning (EF) nr. 718/1999 om en kapasitetspolitikk for fellesskapsflåtene for å fremme transport på innlands vannveier(*)

(Kodifisert utgåve)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsforordning (EF) nr. 718/1999 av 29. mars 1999 om en kapasitetspolitikk for fellesskapsflåtene for å fremme transport på innlands vannveier([1]), særleg artikkel 9 nr. 3, og

ut frå desse synsmåtane:

1) Kommisjonsforordning (EF) nr. 805/1999 av 16. april 1999 om fastsettelse av visse tiltak for å gjennomføre rådsforordning (EF) nr. 718/1999 om en kapasitetspolitikk for fellesskapsflåtene for å fremme transport på innlands vannveier([2]) er vorten endra monaleg fleire gonger([3]). Av omsyn til klarleiken og av praktiske årsaker bør den nemnde forordninga kodifiserast.

2) I medhald av artikkel 7 i forordning (EF) nr. 718/1999 må Kommisjonen fastsetje dei praktiske reglane for gjennomføring av kapasitetspolitikken for fellesskapsflåtane slik han er definert i den førnemnde forordninga.

3) Det er føremålstenleg å halde ved lag satsane for dei særskilde tilskota og tilsvarande tonnasje som er fastsette i rådsforordning (EØF) nr. 1101/89([4]) og kommisjonsforordning (EØF) nr. 1102/89([5]), ettersom dei har vist seg å vere effektive.

4) For å sikre den økonomiske solidariteten mellom fonda for fart på innlandsvassvegar bør Kommisjonen i byrjinga av kvart år og i samarbeid med dei ulike fondsstyresmaktene bokføre dei disponible midlane i reservefonda, og utlikne kontoane i tilfelle nye saneringstiltak.

5) Dei medlemsstatane som det gjeld, og organisasjonane som representerer fart på innlandsvassvegar på fellesskapsplan, er vortne rådspurde om dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

Artikkel 1

Føremål

I denne forordninga vert det fastsett satsar for dei særskilde tilskota som er nemnde i artikkel 7 i forordning (EF) nr. 718/1999, nivå for høvetalet i «gammalt-mot-nytt»-regelen og praktiske reglar for gjennomføringa av kapasitetspolitikken for fellesskapsflåtane.

Artikkel 2

Særskilde tilskot

1. Dei særskilde tilskota for dei ulike typane og kategoriane fartøy skal liggje innanfor eit intervall mellom 70 % og 115 % av dei følgjande satsane:

a) Tørrlastskip:

i) lekterar med eiga framdrift: 120 euro per tonn,

ii) skyvelekterar: 60 euro per tonn,

iii) slepelekterar: 43 euro per tonn.

b) Tankfartøy:

i) lekterar med eiga framdrift: 216 euro per tonn,

ii) skyvelekterar: 108 euro per tonn,

iii) slepelekterar: 39 euro per tonn.

c) Skyvebåtar: 180 euro/kW med ein lineær auke til 240 euro/kW dersom framdriftskrafta er lik eller større enn 1 000 kW.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 56 av 29.2.2008, s. 8, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 69/2008 av 6. juni 2008 om endring av EØS-avtalens vedlegg XIII (Transport), se EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende nr. 58, 25.9.2008, s. 14.

([1]) TEF L 90 av 2.4.1999, s. 1.

([2]) TEF L 102 av 17.4.1999, s. 64. Forordninga sist endra ved forordning (EF) nr. 411/2003 (TEU L 62 av 6.3.2003, s. 18).

([3]) Sjå vedlegg I.

([4]) TEF L 116 av 28.4.1989, s. 25. Forordninga sist endra ved kommisjonsforordning (EF) nr. 742/98 (TEF L 103 av 3.4.1998, s. 3).

([5]) TEF L 116 av 28.4.1989, s. 30. Forordninga sist endra ved forordning (EF) nr. 812/1999 (TEF L 103 av 20.4.1999, s. 5).

2. For fartøy med ei daudvekt på under 450 tonn skal dei høgaste satsane for dei særskilde tilskota som er nemnde i nr. 1, reduserast med 30 %.

For fartøy med ei daudvekt på mellom 450 og 650 tonn skal dei høgaste satsane for dei særskilde tilskota reduserast med 0,15 % for kvart tonn av daudvekta til fartøyet som er under 650 tonn.

For fartøy med ei daudvekt på mellom 650 og 1 650 tonn skal den høgaste satsen for dei særskilde tilskota aukast lineært frå 100 % til 115 %. For fartøy med ei daudvekt på over 1 650 tonn skal den høgaste satsen for dei særskilde tilskota på 115 % haldast ved lag.

Artikkel 3

Tilsvarande tonnasje

1. Når ein eigar tek i bruk eit av dei fartøya som er nemnde i artikkel 4 i forordning (EF) nr. 718/1999, og tilbyr å hogge opp tonnasje frå ein annan type fartøy, skal den tilsvarande tonnasjen innanfor kvar av dei to fartøysektorane nedanfor fastsetjast ut frå følgjande justeringsfaktorar:

a) Tørrlastskip:

i) lekterar med eiga framdrift på over 650 tonn: 1,00,

ii) skyvelekterar på over 650 tonn: 0,50,

iii) slepelekterar på over 650 tonn: 0,36.

b) Tankfartøy:

i) lekterar med eiga framdrift på over 650 tonn: 1,00,

ii) skyvelekterar på over 650 tonn: 0,50,

iii) slepelekterar på over 650 tonn: 0,18.

2. For fartøy med ei daudvekt på under 450 tonn skal dei faktorane som er nemnde i nr. 1, reduserast med 30 %. For fartøy med ei daudvekt på mellom 650 og 450 tonn skal desse faktorane reduserast med 0,15 % for kvart tonn av daudvekta til fartøyet som er under 650 tonn. For fartøy med ei daudvekt på mellom 650 og 1 650 tonn skal faktorane aukast lineært frå 100 % til 115 %.

Artikkel 4

Høvetal for «gammalt-mot-nytt»-regelen

Fartøy kan takast i bruk berre på det vilkåret som er fastsett i artikkel 4 nr. 1 i forordning (EF) nr. 718/1999:

1. For tørrlastskip skal høvetalet (høvet mellom gammal og ny tonnasje) fastsetjast til 0:1.

2. For tankfartøy skal høvetalet fastsetjast til 0:1.

3. For skyvebåtar skal høvetalet fastsetjast til 0:1.

Artikkel 5

Økonomisk solidaritet

1. Med sikte på å bokføre dei disponible midlane i reservefondet eller å få til den økonomiske solidariteten mellom kontoane i dei ulike fonda som er nemnde i artikkel 3 nr. 6 i forordning (EF) nr. 718/1999, skal kvart fond sende over til Kommisjonen følgjande opplysningar i byrjinga av kvart år:

a) inntektene til fondet i det førre året, på det vilkåret at desse inntektene er meinte for utbetaling av opphoggingsbonus eller tiltak som er fastsette i artikkel 8 i forordning (EF) nr. 718/1999 (R_{dn}),

b) dei økonomiske pliktene som fondet har teke på seg i det førre året i samband med opphoggingsbonus eller tiltak som er fastsette i artikkel 8 i forordning (EF) nr. 718/1999 (P_n),

c) overskotet til fondet per 1. januar i det førre året frå inntekter som er meinte for utbetaling av opphoggingsbonus eller tiltak som er fastsette i artikkel 8 i forordning (EF) nr. 718/1999 (S_n).

2. Kommisjonen skal, i samarbeid med fondsstyresmaktene og på grunnlag av dei opplysningane som er nemnde i nr. 1, fastsetje følgjande:

a) dei samla økonomiske pliktene som fonda har teke på seg i det førre året i samband med opphoggingsbonus eller tiltak som er fastsette i artikkel 8 i forordning (EF) nr. 718/1999 (P_t),

b) dei samla inntektene for alle fonda i det førre året (R_{dt}),

c) det samla overskotet til alle fonda per 1. januar i det førre året (S_t),

d) dei justerte årlege økonomiske pliktene (P_{nn}) for kvart fond, utrekna etter følgjande formel:

$$P_{nn} = (P_t/(R_{dt} + S_t)) \times (R_{dn} + S_n),$$

e) differansen mellom årlege økonomiske plikter (P_n) og justerte årlege økonomiske plikter (P_{nn}) for kvart fond,

f) dei summane som kvart fond der dei årlege økonomiske pliktene er lågare enn dei justerte årlege økonomiske pliktene ($P_n < P_{nn}$), skal overføre til eit fond der dei årlege økonomiske pliktene er høgare enn dei justerte årlege økonomiske pliktene ($P_n > P_{nn}$).

3. Alle dei fonda som det gjeld, skal overføre dei summane som er nemnde i nr. 2 bokstav f), til dei andre fonda innan 1. mars i det aktuelle året.

Artikkel 6

Samråd

I alle spørsmål som gjeld kapasitetspolitikken for fellesskapsflåtane og endringar av denne forordninga, skal Kommisjonen innhente fråsegn frå ei gruppe som er samansett av sakkunnige frå dei bransjeorganisasjonane som representerer fart på innlandsvassvegar på fellesskapsplan, og frå dei medlemsstatane som det gjeld. Denne gruppa skal kallast «Ekspertgruppa for kapasitetspolitikk og -utvikling av fellesskapsflåtane».

Artikkel 7

Oppheving

Forordning (EF) nr. 805/1999 vert oppheva.

Tilvisingar til den oppheva forordninga skal forståast som tilvisingar til denne forordninga og lesast slik det er vist i jamføringstabellen i vedlegg II.

Artikkel 8

Iverksetjing

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 28. februar 2008.

For Kommisjonen

José Manuel BARROSO

President

VEDLEGG I

Den oppheva forordninga med ei liste over endringar

Kommisjonsforordning (EF) nr. 805/1999	(TEF L 102 av 17.4.1999, s. 64)
Kommisjonsforordning (EF) nr. 1532/2000	(TEF L 175 av 14.7.2000, s. 74)
Kommisjonsforordning (EF) nr. 997/2001	(TEF L 139 av 23.5.2001, s. 11)
Kommisjonsforordning (EF) nr. 336/2002	(TEF L 53 av 23.2.2002, s. 11)
Kommisjonsforordning (EF) nr. 411/2003	(TEU L 62 av 6.3.2003, s. 18)

VEDLEGG II

Jamføringstabell

Forordning (EF) nr. 805/1999	Denne forordninga
Artikkel 1	Artikkel 1
Artikkel 2 nr. 1, det innleiande punktumet	Artikkel 2 nr. 1, det innleiande punktumet
Artikkel 2 nr. 1 første strekpunktet	Artikkel 2 nr. 1 bokstav a)
Artikkel 2 nr. 1 første strekpunktet første understrekpunktet	Artikkel 2 nr. 1 bokstav a) i)
Artikkel 2 nr. 1 første strekpunktet andre understrekpunktet	Artikkel 2 nr. 1 bokstav a) ii)
Artikkel 2 nr. 1 første strekpunktet tredje understrekpunktet	Artikkel 2 nr. 1 bokstav a) iii)
Artikkel 2 nr. 1 andre strekpunktet	Artikkel 2 nr. 1 bokstav b)
Artikkel 2 nr. 1 andre strekpunktet første understrekpunktet	Artikkel 2 nr. 1 bokstav b) i)
Artikkel 2 nr. 1 andre strekpunktet andre understrekpunktet	Artikkel 2 nr. 1 bokstav b) ii)
Artikkel 2 nr. 1 andre strekpunktet tredje understrekpunktet	Artikkel 2 nr. 1 bokstav b) iii)
Artikkel 2 nr. 1 tredje strekpunktet	Artikkel 2 nr. 1 bokstav c)
Artikkel 2 nr. 2 første strekpunktet	Artikkel 2 nr. 2 første leddet
Artikkel 2 nr. 2 andre strekpunktet	Artikkel 2 nr. 2 andre leddet
Artikkel 2 nr. 2 tredje strekpunktet	Artikkel 2 nr. 2 tredje leddet
Artikkel 2 nr. 3	—
Artikkel 3 nr. 1, det innleiande punktumet	Artikkel 3 nr. 1, det innleiande punktumet
Artikkel 3 nr. 1 første strekpunktet	Artikkel 3 nr. 1 bokstav a)
Artikkel 3 nr. 1 første strekpunktet første understrekpunktet	Artikkel 3 nr. 1 bokstav a) i)
Artikkel 3 nr. 1 første strekpunktet andre understrekpunktet	Artikkel 3 nr. 1 bokstav a) ii)
Artikkel 3 nr. 1 første strekpunktet tredje understrekpunktet	Artikkel 3 nr. 1 bokstav a) iii)
Artikkel 3 nr. 1 andre strekpunktet	Artikkel 3 nr. 1 bokstav b)
Artikkel 3 nr. 1 andre strekpunktet første understrekpunktet	Artikkel 3 nr. 1 bokstav b) i)
Artikkel 3 nr. 1 andre strekpunktet andre understrekpunktet	Artikkel 3 nr. 1 bokstav b) ii)
Artikkel 3 nr. 1 andre strekpunktet tredje understrekpunktet	Artikkel 3 nr. 1 bokstav b) iii)
Artikkel 3 nr. 2	Artikkel 3 nr. 2
Artikkel 4	Artikkel 4
Artikkel 5 nr. 1, det innleiande punktumet	Artikkel 5 nr. 1, det innleiande punktumet
Artikkel 5 nr. 1 første strekpunktet	Artikkel 5 nr. 1 bokstav a)
Artikkel 5 nr. 1 andre strekpunktet	Artikkel 5 nr. 1 bokstav b)
Artikkel 5 nr. 1 tredje strekpunktet	Artikkel 5 nr. 1 bokstav c)
Artikkel 5 nr. 2 første strekpunktet	Artikkel 5 nr. 2 bokstav a)
Artikkel 5 nr. 2 andre strekpunktet	Artikkel 5 nr. 2 bokstav b)
Artikkel 5 nr. 2 tredje strekpunktet	Artikkel 5 nr. 2 bokstav c)
Artikkel 5 nr. 2 fjerde strekpunktet	Artikkel 5 nr. 2 bokstav d)

Forordning (EF) nr. 805/1999	Denne forordninga
Artikkel 5 nr. 2 femte strekpunktet	Artikkel 5 nr. 2 bokstav e)
Artikkel 5 nr. 2 sjette strekpunktet	Artikkel 5 nr. 2 bokstav f)
Artikkel 5 nr. 3	Artikkel 5 nr. 3
Artikkel 6	Artikkel 6
Artikkel 7	—
—	Artikkel 7
—	Artikkel 8
—	Vedlegg I
—	Vedlegg II